



[Olav Stedje kjem til SPAR Uskedalen sin kundefest saman med Finn Tokvam.](#)

Spar Uskedalen har verkeleg slått på stortromma når dei har engasjert underholdning til den store kundefesten laurdag 3.oktober. Då får nemleg Uskedalen besøk av duoen Olav Stedje og Finn Tokvam. Dei kunne vel ikkje ha truffe betre med valget? Dei to folkekjære songingane må utfylla kvarandre perfekt i tospann!

- Vi håpar verkeleg det skal verta ei god underholdningsstund med både song, musikk og mykje humør i Uskedalen, seier Olav Stedje på telefonen til uskedalen.no. Han er nok mest kjend som den folkekjære visepop-songaren med den varme røysta og gode nynorske tekstar. Faktum er at han er underhaldar i vid forstand. Han har store publikumssuksessar innan både revy og teater bak seg. Den lange karriera skaut fart på 70 og 80- talet då han samarbeidde med supergruppa LAVA. Seinare har musikken hans mest vore allemannseige. Det er nok ikkje mange som ikkje kjenner slagerar som **Vi vandrar saman, Ta meg med og Ein nordmann sin draum.**



Frå knallsuksessen VESTLANDSREVIEN der Finn Tokvam(nr.2 f.h.) og Olav Stedje var 2 av dei 5 aktørane.

Stedje fortel at han og Finn Tokvam vil vera saman på scenen i Uskedalen. Innimellom kjem dei naturleg nok til å underhalda litt kvar for seg.

- Eg kjem jo til å syngja litt, og Finn vil vel preika og tulla litt, seier han på sin alltid folkelege måte.

Han fortel at dei to har samarbeidd ein del og hatt opptredenar rundt omkring.

- For ikkje så lenge sidan var vi på Voss med eit liknande program, kunne han fortelja, og det er tydeleg han trivest i tospann med Finn Tokvam.

Stedje har også samarbeidd ein god del med ordkunstnaren, humoristen og frontfiguren i populærorkesteret **Finn Erix** i andre samanhengar. Mest kjent er nok **Vestlandsrevyen** der dei to var saman med Halvor Folgerø, Claus Sellevoll og Ragnar Hovland. Det vart ein knallsuksess. For denne mottok dei Målprisen 2008 frå Noregs Mållag.

Finn Tokvam har også skrive tekstar til Olav Stedje.

Finn Tokvam er elles ei svært kjend radiorøyst frå m.a. Radio Røynda og P.I.L.S.(Popmusikk Ispedd Litt Sladder) på NRK P1. To program med mykje god humor!

Det vert svært kjekt å oppleve desse to sognakarane i lag på scenen. Her vert det humor, vakker song, speglede, latter, litt alvor og ganske sikkert litt galskap. Eg kan ikkje skjønna anna enn at det vert topp stemning.

I tillegg vert det også andre programinnslag. Rodeo-oksen Theobald som var med på festen for to år sidan, er tilbake, og i tillegg vert det ymse innslag som rebusløp og quiz. Servering vert det også.

Dagleg leiar på Spar Uskedalen, Bente Nilsen, ser fram til ei kjekk stund frå kl.12 og eit par timar utover laurdag den 3.oktober. Arrangementet vil føregå i teltet som vart brukt sist. Denne gongen vert det sett opp nede på Sandakaien.

- Vi håpar det kjem mykje folk, og at dei set pris på kundefesten, seier Bente og legg til at sjølv det heiter Kundefest så treng ein ikkje vera kundar for å koma.

- Invitasjonen går til alle som har lyst, avsluttar ho.



[Moromannen Finn Tokvam](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Pressefoto